



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat

frå Kviteseid Sokneråd

Onsdag 26. januar 2022, kl.18.00
Stad: Kommunehuset

Innkallast:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall: Gudrun Nordbø Venås, Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje).

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Vidar Syrtveit Mikalsen

Oversikt over saker:

SR-sak 01.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 02.22 FR	Post og meldingar
SR-sak 03.22 FR	Driftsbudsjett 2022 (med førebels rekneskap 2021)
SR-sak 04.22 FR	Investeringsbudsjett 2022 (med førebels rekneskap 2021)
SR-sak 05.22 FR	Årssamtale med prost
SR-sak 06.22 SR	Dato og stad for soknemøtet (årsmøte)
SR-sak 07.22 SR	Fasteaksjonen 2022
SR-sak 08.22 SR	Komité og stad for konfirmantfest
SR-sak 09.22 SR	Eventuelt

SR-sak 01.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 19. januar til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

1. **Rekneskapsaker:** Talet på bankkontoar er redusert noko etter ynskje frå rekneskapskontoret. Dette er gjort for å forenkle månadleg bankavstemming. Kyrkjeverja har no fått tilgang til oppdatert rekneskap på nett. Rekneskapskontoret har på planen sin å få handsaminga av bilaga våre digitalt. Dette har vore vårt felles ynskje i mange år. Det fyrste som kjem, er digitale reiserekningar.
2. **Brev frå Øyvind Jørgensen**, datert 15.01.2022 om gudstenestefororinga i Kviteseid sokn. Ligg ved. Vert handsama i SR-sak 05.22 Årssamtale med prosten.
3. **Feil-levering av kyrkjebladet i desember.** Posten gjorde ein stor feil i desember og leverte mange eksemplar av Kyrkjebladet for Kviteseid til husstandar i Seljord. Dette har dei beklaga og kreditert (kostn. for ombering og trykking) Vi har fått nærare 19.000.
4. **Lesepulten til gamlekyrkja er godkjend** av Riksantikvaren og biskopen i des.2021
5. **Brev frå Misjonsrådgvjaren i bispedømet**, datert 03.01.2022 er stila til soknerådet og ligg ved innkallinga her. 'Saman som kyrkje i hele verden' Ligg ved.
6. **Oppussing av sakristiet i Vrådal** er godt i gang. Det er våre eigne fagarbeidarar som gjer arbeidet.
7. **Fredagsklubben** som har vore på Fredheim i fleire år, flytter no frå 2022 til Misjonshuset. Leiarane kjem frå dei forskjellige forsamlingane, med hovudleiing frå kyrkja. Den er 'fast' annankvar fredag for ungdomsskuletrinnet (Misjonshuset driv Tweens-klubb mellomliggande fredagar for aldersgruppa under ungdomsskulen. Det er same fredagar som det er 'Open hall' for ungdomsskuletrinnet)
8. **Årsrapport frå prostidiakonen i Vest-Telemark** viser at mykje god mellommenneskeleg kontakt skjer, trass pandemien. Les deg glad. Sjå vedlegget.
9. **Det er tid for rapportering.** Staben har den siste tida arbeida med rapport om trusopplæringsarbeidet til bispedømerådet, og Kostra-rapport om all aktivitet i soknet, til SSB. Den syner mellom anna at vi i 2021 har samarbeida med over 150 frivillige. Vi er utan tvil den største frivilligheits-aktøren i kommunen.
10. **Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:**
 - 18. nov.: Konsert ved Sigmund Groven, Iver Kleive og Anne Vada: «Innunder jul» i Kviteseid kyrkje. Det var diverre dårleg oppmøte
 - 24. nov.: Føremiddagstreff
 - 27. nov.: Kyrkjebasaren, og jolemarknad 26. nov. vart vellukka. Dette gav samla eit resultat på kr 56.500 som er det beste på mange år. Av dette er 20.000 sendt til misjonsprosjekta.
 - 27.-28. nov.: Lys Vaken (trusoppl.tiltak)
 - 28. nov.: Opning av gapahuken etter gudstenesta, med stor kake og grilling. Dugnadsfolka vart heidra.
 - 8. des.: Adventssamling for eldre i Kviteseid kyrkje. Besøk av Gunstein Draugedalen. Diakoniutvalet.

- 12. des.: Den tradisjonelle adventskonserten i Kviteseid kyrkje med ‘alle’ kora i bygda, og hornmusikken, vart redusert grunna smittevernet, til berre 3 barnekor. Arr: Soknerådet v/ organisten.
- 14. des.: Fest for Lundenjordet på Misjonshuset, ved diakoniutvalet

11. Planlagde arrangement (ikkje nødvendigvis med alt her):

- 23. jan.: Markusevangeliet proklamert med bilete og musikk, i Kviteseid kyrkje kl. 18.00
- 26. jan.: Føremiddagstreff
- 11.-13. mars: Fellesmøte med Egil Svartdahl som talar. I Kviteseid kyrkje kl. 19.00
- 20. mars: Konsert ‘Perler for svin’ ved Hilde og Arne Olav Hageberg i Kviteseid kyrkje
- 27. mars: Frivillighetsfest for engasjerte i trusopplæringsarbeidet
- 3. april: Soknemøte (årsmøte) i Kviteseid kyrkje.

SR-sak 03.22 FR

Driftsbudsjett 2022 (med førebels driftsrekneskap for 2021)

KS

AU vart i sitt møte 12. januar orientert om førebels rekneskap for 2021. Vi ventar framleis på straumrekningane for slutten av 2021. Dei blir store.

Utan dei har vi eit lite overskot på om lag 12.000 kr.

Her er rekna med etterarbeid etter el-tilsynet som har kosta oss nær 100.000 kr som vi ikkje hadde budsjettert med. Andre faktorar vi ikkje hadde rekna med, er at innbetalingane til KLP i 2021 vart om lag 20 % høgare enn det vi hadde budsjettert med, og prognosane frå KLP. (*sjå vedlegget*)

Før budsjettsaka handsama AU lønsregulering for kyrkjeverja då denne ikkje blir regulert sentralt.

VEDTAK i AU-sak 04.22:

AU vil gje kyrkjeverja ein lønsauke på kr 18.000 (3,1 %) slik at ny årsløn frå 1. mai blir kr 605.000.

Denne løna ligg no inne i budsjettforslaget som er lagt fram i denne saka.

Forslaget til driftsbudsjett vart handsama i AU-sak 05.22 Driftsbudsjett 2022 den 12.januar i år:

Driftsbudsjett for 2022 vart handsama sist august i SR-sak 42.21 og forslaget oversendt til kommunen. Budsjettforslag frå SR i august hadde ein auke i kommunalt tilskot på 2,9 % frå 2021 til 2022, frå kr 3.440.000 til 3.539.000.

Etter dette er mellomoppgjeret i KA sitt tariffområdet ferdig, så framlegget til AU her har med dei nye gjeldande lønssatsane med ein forventta auke i 2022 etter hovudtariffoppgjeret då.

Det er kjent at kommunen har hatt det særstørongt økonomisk dei siste åra, og ønskjer nå å leggja fram eit budsjett som kunne føra kommunen ut or ‘Robek-lista’. Kommunen måtte difor kutte på mange felt. I eit møte mellom rådmann, budsjett- og strategisjef i kommunen og kyrkjeverja, vart det semje om at rådmannen kunne legge inn eit kutt på kr 50.000 i ‘naudsynt vedlikehald av kyrkjer’. (Det er i praksis ny ytterdør til Vrådal kyrkje vi utset til seinare, men vi er allereie i gang med fornying av prestesakristiet)

Kommunen vedtok på sitt møte 09.12.2021. å gje kyrkja (Kviteseid sokn) eit driftstilskot for 2022 på kr 3.489.000, i tråd med rådmannen sitt framlegg.

Dette er hovudinntektskjelda for vårt driftsbudsjett. Andre vesentlege inntekter er festeavgifter (avd.112 Kyrkjegardar) og til avd.113 Anna verksemd: Refusjonar til trusopplæring og diakoni, og gåver og ofringar.

I budsjettframlegget her er det gjort fleire mindre endringar i forhold til forslaget frå august. Det er gjort etter haustens erfaringar, og for å få balanse i budsjettet.

Kyrkjevevja orienterte i 2020 om ei ekstra tilbakeføring frå KLP til kundane. Dette skuldast endring i reglane for tenestepensjon. For oss dreiar dette seg om kr 329.000, om lag eit års innbetalingar. Dette er ein liten buffer for oss viss det vert vanskeleg å koma i balanse med framtidige rekneskap. Det er ikkje brukt av dette i 2020. Men føringar i rekneskapen for 2021 viser at pensjonsinnbetalingane dette året har vore betydeleg høgare enn forventa (basert på prognosar frå KLP). For 2022 er det budsjettet i samsvar med prognosane. Viss det blir vesentleg høgare, bør vi dekke inn det frå det vi har ståande hos KLP. Elles bruker vi ikkje av reservane i KLP viss vi kan unngå det.

Samla driftsbudsjett balansera nå med dette med kr. 5.221.000 på både inntekter og utgifter. (medrekna kr 347.000 i tenesteytingsavtala med kommunen)

Forslag til VEDTAK i AU:

Kviteseid sokn takkar kommunen for driftstilskotet på kr 3.498.000 for 2022. AU rår soknerådet til å vedtaka driftsbudsjettet for 2022 slik det ligg føre etter justeringa i AU.

Kyrkjevevja la fram ei ny sak vedr. budsjettet: Det har i fleire år vore snakk om å skaffe eit nytt senkeapparat. Dei to vi har er gamle, har ofte vore reparasjonar på, og er ikkje alltid til å stole på.

Det hadde og vore veldig tenleg med ei gravramme av metall for tryggleiken rundt ei open grav for dei som kjem nærast. Gravramma fungerer som eit lokk over opna grav, fram til gravferda.

Kyrkjevevja har innhenta tilbod på desse delane. Samla har dei ein kostnad på kr 51.000. Dette blir finansiert med justering av andre budsjettpostar.

VEDTAK i AU:

Kviteseid sokn takkar kommunen for driftstilskotet på kr 3.498.000 for 2022. AU rår soknerådet til å vedtaka driftsbudsjettet for 2022 slik det ligg føre etter justeringa i AU, med balanse på inntekter og utgifter på kr 5.221.000.

Vedlegg: *Driftsbudsjett 2022 (kort) -forslag til SR 26.01.22*

Forslag til VEDTAK i SR:

Kviteseid sokn takkar kommunen for driftstilskotet på kr 3.498.000 for 2022. Soknerådet vedtek driftsbudsjettet for 2022 slik det ligg føre etter justeringa i AU, med inntekter og utgifter som balansera med kr 5.221.000.

VEDTAK: Som føreslege.

Handsaming i AU-sak 06.22 Investeringsbudsjett 2022 den 12.januar i år:

Kommunen vedtok på sitt møte 09.12.2021 å halda fram med investeringstilskot til kyrkja (Kviteseid sokn) på kr 1,0 mill. for 2022 og vidare i heile planperioden.

Det gjev oss føreseielegheit og tryggleik om vi set i gang med prosjekt som går over meir enn eitt år.

Det har ikkje dukka opp grunnar til å endra på investeringsplanen soknerådet vedtok i juni 2021.

I planen står difor framleis desse prosjekta:

1. Nye varmeomnar og straumstyring i Kviteseid kyrkje til 950.000 kr i 2022 og 400.000 i 2023
2. Halde fram med restaurering av blyglasa i Kviteseid kyrkje med kr 250.000 kvart år framover.
3. Liten buffer på kr 45.000 til uventa kostnader eller prisendringar undervegs.

Kostnadane blir dekt inn med investeringstilskotet og momsrefusjon.

Vedlegg: Investeringsplan 2022-2026

Forslag til VEDTAK i AU:

Kviteseid sokn takkar kommunen for viljen til å taka vare på dei spesielle bygningane kyrkjene i Kviteseid er, og for investeringstilskotet på kr 1,0 mill. kr for 2022 og vidare i planperioden.

AU rår soknerådet til å vedtaka investeringsplanen for 2022 slik det ligg føre etter vedtaket i SR i juni 2021.

VEDTAK i AU:

Som føreslege.

Budsjettoppsettet vedlagt til denne saka, er etter ny økonomiforskrift, gjeldande frå 2021, men innført hos oss fyrst frå dette møtet.

AU fekk førelagt eit meir detaljert oppsett, slik kyrkjevevja arbeider med til vanleg. Det kan visast på veggen om ynskjeleg.

Vedlegg: *Investeringsplan 2022-26 Kviteseid sokn2*

Forslag til VEDTAK i SR:

Kviteseid sokn takkar kommunen for viljen til å taka vare på dei spesielle bygningane kyrkjene i Kviteseid er, og for investeringstilskotet på kr 1,0 mill. kr for 2022 og vidare i planperioden til 2026.

Soknerådet vedtek investeringsbudsjettet for 2022 slik det ligg føre etter vedtaket i SR i juni 2021 og vedtak i AU 12. januar 2022

VEDTAK:

Kviteseid sokn takkar kommunen for viljen til å taka vare på dei spesielle bygningane kyrkjene i Kviteseid er, og for investeringstilskotet på kr 1,0 mill. for 2022 og vidare i planperioden til 2026. Soknerådet vedtek investeringsbudsjettet for 2022 slik det ligg føre etter vedtaket i SR i juni 2021 og vedtak i AU 12. januar 2022. Men viktig å prioritere reparasjon av taket på Vrådal kyrkje i 2024 slik det står i planen. Reparasjonsarbeidet har blitt utsett 2 gonger.

SR-sak 05.22 FR	Årssamtale med prosten	MG
<p>Prost Asgeir Sæle kjem på si årlege vitjing til soknerådet. I dialog med soknepresten har han satt opp desse punkta til samtale:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Gudstenesteforordning og gudstenestefordeling mellom kyrkjene. Fungerer dette bra, eller er det ønskjeleg og mogeleg å gjere det annleis og betre? 2. Konfirmant- og ungdomsarbeidet, korleis kan dette bli best mogeleg i samarbeid mellom lokalkyrkjelyden og ‘Ønsket og Elsket’? <p>Vedlegg: <i>Brev frå Øyvind Jørgensen om gudstenesteforordninga. Jørgensen nemnde òg saka under soknemøtet for 2020 i september 2021.</i></p> <p>VEDTAK I SR –punkt 1: Soknerådet takkar Øyvind A. Jørgensen for innspel i soknemøtet og i form av brev til Soknerådet angående gudstenesteforordninga i Kviteseid sokn. Soknerådet går inn for å søkje bispedømerådet om ekstra presteressurs til ytterlegare 3 gudstenester i Vrådalen. Det blir då totalt 13 gudstenester i året i Vrådalen. Soknerådet vil innarbeide andre kostnader til presteressurs i eige budsjett</p>		
SR-sak 06.22 FR	Dato og stad for soknemøtet (årsmøte)	MG
<p>Handsaming i AU-sak 07.22 Dato for soknemøte (årsmøte) den 12.januar i år:</p> <p>Dato for soknemøte bør fastsetjast nå. Møyfrid og Kristen har sett på datoar og plassering. I samråd med Marit Gotuholt blei vi samde om søndag 3. april i Kviteseid. Vi skulle gjerne hatt det i Vrådalen for rotasjonen sin del, men fekk ikkje det til med dei fristar vi har. Årsmeldinga vil då vere ferdig og handsama i AU 9. mars og vedteken i SR 23. mars. Rekneskapen vil og vere ferdig til da og truleg vedteken i SR 23.mars.</p> <p>3.april vil kyrkjevevja etter planen vere bortreist på ferietur som allereie er kjøpt. At han er borte då, bør ikkje vera nokon hindring. Han treng sårt om ferie.</p> <p>Forslag til VEDTAK i AU: Soknemøte og årsmøte setjast til etter gudstenesta i Kviteseid søndag 3. april.</p> <p>AU gjer merksam på kommentarar i referat frå tidlegare soknemøte: (Sept.2020) der det i referatet står: <i>Innkalling til møte og sakliste var ikkje kunngjort før møtet. Dette vart kommentert. Dei som deltok på møtet fekk heller ikkje spørsmål om å godkjenne saklista.</i></p> <p>VEDTAK i AU: Soknemøte og årsmøte setjast til etter gudstenesta i Kviteseid søndag 3. april. Innkalling og sakliste blir annonsert i avisa og våre digitale kanalar seinast fredag 18. mars. På nettsida legg ein årsmeldinga som er klar på det tidspunktet (den versjon som SR får til handsaming)og blir bytt ut med endeleg versjon etter vedtak i soknerådet 23. mars.</p>		

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknemøte og årsmøte setjast til etter gudstenesta i Kviteseid søndag 3. april. Innkalling og sakliste blir annonsert i avisa og våre digitale kanalar seinast fredag 18. mars. På nettsida legg vi årsmeldinga som er klar på det tidspunktet (den versjon som SR får til handsaming på møtet 23. mars) og blir bytt ut med endeleg versjon etter vedtak i soknerådet 23. mars.

VEDTAK: Som føreslege.

SR-sak 07.22 FR

Fasteaksjonen 2022

MG

Fasteaksjonen er kyrkja sitt store felles diakonale prosjekt med innsamling over heile landet til Kirkens Nødhjelp (KN). Frå KN si side er datoane for aksjonen sett til 3.-5. april. (Sjå gjerne meir her: <https://www.fasteaksjonen.no/>)

Årets tema er *Håp i en dråpe vann*.

I Kviteseid er fasteaksjonen soknerådet sitt ansvar og ikkje soknepresten sitt. Vi har tradisjon for å gå rundt på tysdagar, så det vert tysdag 5. april.

Etter to år utan, bruker vi i år bøsse og prøver å nå alle husstandar i kommunen.

Soknerådet må finna

1. Kontaktpersonar i Fjågesund, Brunkeberg, Vrådal og Kviteseid. AU bad Marit Gotuholt spørje aktuelle personar.
2. Kor mange bilar/folk trengst til kvar plass (tal på roder)?

Sokneprest og trusopplærar har kontakt med konfirmantane. Soknerådet supplerer der det er behov.

Trusopplærar Knut Ove er KN-kontakten vår og bestiller materiell i tide. Materiell kan hentast på kontoret siste veka før

Oppteljing kan gjerast på kvar plass av minst to personar og leverast på kyrkjekontoret, eller ein frå kvar plass har med seg bøssene til kontoret og tel opp saman med Knut Ove onsdag 6. april. Endeleg samla oppteljing skjer i banken ved Knut Ove. Han rapporterer etter det til KN.

Forslag til VEDTAK:

Desse kontaktpersonane er gjort avtaler med:

- Fjågesund: *Aud Turid Fjågesund*. Dei tar seg av alt sjølve. Ingen konfirmantar.
- Brunkeberg (inkl. Morgedal, Ordal, Åsgrend og Dalane?): *Inger Lise Berge og Vigdis Bruhaug (eventuelt Anne Lise Råmuddal)*. 6 konfirmantar.
- Vrådal (frå Heia til Steane, og heilt til Vråliosen på både sider av vatnet): *Håkon Birkeland*. 6 konfirmantar.
- Kviteseid (resten av kommunen, Dalane?): *Toralf Grave*. 6 konfirmantar.

SR-sak 08.22 FR

Komité og stad for konfirmantfest

MG

Konfirmantfesten i år er etter gudstenesta i Brunkeberg 24.4.

SR set ned ein komité for dei praktiske oppgåvene (lokale og servering). Eit par unormale år gjev grunn til å minna på korleis det brukar å vera. Komiteen bestiller/ordnar med middag og kaffi, lokale og nok mannskap til kjøkken og servering. Komiteen kan sjølvstøtt engasjere andre personar i tillegg.

Soknepresten og trusopplærer står for programmet elles.

Forslag til VEDTAK:

Desse utgjør komité for konfirmantfesten 24. april 2022:

Anne Lise Råmunddal, Dagfinn Køhn, Marit Sørby, Sigrun G. Moen.

VEDTAK: Som føreslege.

SR-sak 09.22 FR

Eventuelt

MG

Soknerådet har valt disse personane til å arbeide med delar av årsmelding for Kviteseid sokn:
Møyfrid Lunde, Dagfinn Køhn, Sigrun G. Moen.

Komande møtedatoar for SR i 2022: 23.mars, 4.mai, 15.juni, 24.august, 5.oktober, 23.november.